



Sogn og Fjordane fylkeskommune

Regional transportplan Sogn og Fjordane 2014 - 2023 - fråsegn

Sogn regionråd er samansett av kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, og har i møtet 13. september slutta seg til følgjande fråsegn til regional transportplan 2014-2023:

Sogn regionråd meiner det er viktig med auka økonomiske rammer og meir vegmidlar slik at det kan utførast både vedlikehald og investeringar, og at Sogn og Fjordane fylkeskommune arbeider for dette.

Fylkesvegsnett

– Vegutbetring

Fylkesvegstrekingar som regionrådet prioriterer blir utbetra er fv 55 Luster-Sogndal og Dragsvik-Balestrand. Strekingane er mykje brukt av pendlarar dagleg og har vore lågt prioritert siste åra. Delar av strekingane er smale og har dårleg standard, jf Statens vegvesen si overordna utgreiing for fylkesveg 55. Oppgradering av strekingane er viktig for å styrka Sogn som felles bu- og arbeidsmarknadsregion.

– Regionen har framleis store utfordringar på vegnettet. Store prosjekt er gjennomført med bompengefinansiering, og mange attståande utfordringar /tiltak har avgrensa potensial for slik finansiering. Tiltaka må derfor prioriterast betre enn planen legg opp til. Ressursinnsatsen for mindre opprustingstiltak for nokre utsett punkt bør aukast i påvente av lang ventetid på større opprusting, noko som vil avhjelpa tryggleik og framkomst.

– Rassikringstiltak

Rassikringstiltak må prioriterast og fylkeskommunen bør arbeida for auka løyvingar til rassikring.

– Flyplassveg

Sogn regionråd har fått utgreidd tekniske og kostnadmessige konsekvensar av å utbetre eksisterande veg og ny veg frå riksveg 5 til Sogndal lufthamn Haukåsen. Sogn regionråd ber om at ny fylkesveg frå Kaupanger til Sogndal lufthamn med ei kostnadsramme på kr 285 mill. kr vert teke inn i planperioden for regional transportplan der utbygginga kan gjerast etappevis. Den nye trasèen er teke inn i Sogndal kommune sin arealdel av kommuneplanen som er på høyring, og endeleg plan blir vedteken i løpet av hausten 2013.

Kollektivtransport

Det er positivt at Sognebåten vert vidareført og slik gir moglegheit for at kommunar og næringsliv kan styrka trafikken langs fjorden.

Regionrådet er samd i fylkeskommunen om at bu- og arbeidsområde må ha tilstrekkeleg befolkningsgrunnlag for pendlarbuss, og at det tek tid å endra folks reisevanar. Sogn regionråd ber fylkeskommunen vurdere å utvida pendlarbusstilbodet Leikanger –Sogndal til Årdal med kopling frå Luster og Lærdal. Sogn regionråd ber fylkeskommunen vurdere kombinert skule-, pendlar- og turistbåt Aurland-Sogndal og Vik-Sogndal og kombinert pendlar- og skulebuss for Aurland, Lærdal og Årdal.

Å få til gode overganger mellom ulike samferdsletilbod frå privatbil til kollektivtilbod bør få større fokus i tida framover. Gode løysingar, til dømes parkering i nærleiken til haldeplass, kan vera viktig for å få endra folks reisevanar, og det ønskjeleg at fylkeskommunen engasjerer seg for å laga gode overganger for dei reisande.

Statleg transportansvar

I og med at RTP omhandlar heile transportsystemet i fylket gir Sogn regionråd også innspel på tema som ligg utanfor fylkeskommunen sitt ansvarsområde:

– Rullebaneforlenging

Sogn regionråd har fått utgreidd tekniske tiltak og kostnadsoverslag for å få forlenga rullebana til 1199 meter. Arealmessig og topografisk ligg det til rette for slik forlenging med kostnadsramme kr 103 mill. Regulariteten er betra med ny instrumentering, og vi har hatt svært positiv passasjerutvikling over fleire år. No er kapasiteten sprengd på delar av rutetilbodet. Avinor¹ viser til at 50-sete fly på Sogndal har ein positiv samfunnsøkonomiske nytte på nesten kr 400 millionar. FOT-tilskotet vil bli redusert med kr 26 mill pr år, hovudsakleg fordi det vert føresett ny aktør med lågare kostnader når flyplassen kan ta 50-setefly. Sogn regionråd vurderer ei forlenga rullebane til 1199 meter som viktig for næringslivet og for vidare utvikling av regionen. Det er derfor positivt at fylkeskommunen vil sjå på rullebaneforlenging på Sogndal lufthamn Haukåsen og ber om at fylkeskommunen arbeidar for at rullebana på Sogndal lufthamn vert forlenga.

– Ferjesambandet Hella-Vangsnes-Dragsvik

Sogn regionråd meiner riksvegferjesambandet Hella-Vangsnes-Dragsvik må få «stive» avgangar (frekvens på 20 eller 30 minutt) og nattferjer slik at tilbodet blir føreseieleg og tilpassa pendlarane og næringslivet sine behov. Regionrådet jobbar aktivt for å få auka rammer til anbudsutlysinga, som kjem i slutten av 2013, og vi ber fylkeskommunen om å bidra i arbeidet for at sambandet får «stive» avgangar og nattferjer.

– Strekninga Vinje-Hella-Sogndal

Store deler av strekninga har dårleg standard, er rasutsett og har høgfjellsparti som er utsett om vinteren. Begge fylkestinga har positive vedtak om at Vikafjellstunnelen skal prioriterast og samla storting prioriterer bygging av Vikafjellstunnelen. Det er sett av kr 100 mill til bygging av tunnel i siste seksårsperiode. Sogn regionråd ber om at fylkeskommunen arbeider for at prosjektet blir framskunda til neste Nasjonale Transportplan. I høve overordna planar, er vegen klar til oppstart.

¹ Nasjonal Transportplan 2014-2023 Framtidsrettet utvikling av lufthavnstrukturen

Sogn regionråd prioriterer utbetring av rv 13 Vik-Vangsnes og rv 55 Hella-Sogndal som er mykje brukt av pendlarar. Rassikring av Vik-Vangsnes er med i Nasjonal Transportplan og vil bli starta opp i første fireårsperiode. Erfaringar viser at strekningane har vore viktig beredskapsveg for aust/vest-sambandet i sogneregion, og der særleg strekninga Hella-Leikanger har vore flaskehals.

– **Sambandet Stavanger-Trondheim via Sogn**

Sogn regionråd ønskjer meir kunnskap om det kortaste ferjefrie heilårssambandet frå Stavanger/Bergen til Trondheim, og at det blir gjennomført ein konseptvalutgreiing. I Nasjonal Transportplan 2014-2023 heiter det at: ”Departementet vil komme tilbake til saken med en vurdering av vegens status og behov for utredninger.” Sogn regionråd ber fylkeskommunen arbeida for at konseptvalutgreiing for Sognefjellstunnel blir prioritert.

– **Nasjonale turistvegar**

Sogn regionråd ber fylkeskommunen arbeida for at nasjonale turistvegar blir utvida med bilferjerute på Fjærlandsfjorden og Nærøyfjorden.

Sogn regionråd viser elles til kommunane sine innspel til handlingsprogrammet.

Med helsing

Noralv Distad
leiar

Ivar Kvalen
leiar i samferdslegruppa

Vedlegg:

1. Sogndal lufthamn - forlengelse av rullebane. Rapport frå Norconsult 2011
2. Alternative løysingar for ny veg til Sogndal lufthamn Haukåsen. Rapport frå Norconsult 2012